



Forvaltningskomiteen drøftar hyttesaka frå Mannsvatnet, (Foto: Ola Matti Mathisen)

Hytt-saka frå Mannsvatnet dreg ut. No har Thomas Fjelland Eide fått eit førebels svar frå settefylkesmannen i Sogn og og Fjordane om at vanleg handsamingstid for slike saker er inntil 3 månader. Rådgjevar Margit R. Farestvedt lovar å ta kontakt dersom det er naudsynt med synfaring.

* Ei anna sak frå Uskedalen som og ventar på ei avgjerd er søknaden frå Endre Nilsen Neset om å få byggja bustadhus på muren til løa på Sanden. Han har søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova frå forretning til bustadføremål. No har fylkesmannen opplyst at dei ikkje gjev uttale til denne saka, Men hvis kommunen gjer eit dispensasjonsvedtak, skal fylkesmannen likevel ha tilsendt dette til klagevurdering.

*Berit M. Dale på Stord har derimot fått ei delvis avgjerd i si sak om landingsplass/molo på Skorpo. Ho får dispensasjon frå arealføremålet fiskeområde og forbodet mot byggjing og deling i 100-metersbeltet. Dermed kan uteliggjar/landingsplass leggjast ut. Men før det kan skje må det vera gjeve løyve etter plan- og bygningslova.